

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte AU Midt

**Tid/Sted:** Måndag 19.12.16 kl 10.30 - kl 13.00

**Tilstede:** Ragnar Omlí, Olav Håkon Ulfsnes, Trude Sandstad Eldnes, Rigmor Hustad, Ragnar Valstad, Arnt Ove Løvås, Kolbjørn Frøseth, Trine Hasvang Vaag og Roy Albertsen

**Forfall:**

**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg

**Referent:** Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 19. desember 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p><b>Orientering frå styremøte 12. – 13.12</b></p> <p>Trine orienterte om at budsjett 2017 er forseinka. Volumvekst daglegvare er lagt inn, overgang til større kylling og ny vareveg er viktige faktorar. God effekt på salet etter gode testresultat på ribbe og pinnekjøt. Strategiplan: Diskusjon om kortare horisont, og heller velje få satsingsområde. Grønt skifte: Mogelegheter og tiltak, lågast mogeleg klimautslepp. Revisjonsutvalet: Jamnleg oppdatering av NOVA-prosjektet. Tid er der ein kritisk faktor i fht kostnader.</p> <p>Lite lam ut frå reguleringslager, eksport er eit mogeleg tiltak. Gris: Rett at det ikkje vart opna for import. Eksport fullt utnytta. Smågrispris som tiltak er vurdert. Egg: 3 % vekst i salet, import til industri.</p> <p>Norsk landbruksamvirke-orientering: Tildeling til Nei til EU redusert frå 2017, fram til 2019, samla 1,2 mill. Dialog om vidare satsing.</p> <p><b>Spørsmål/kommentarar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva ligg til grunn for forventa betring i fht merkevarestrategi?</li> <li>• Uheldig med redusert støtte til Nei til EU, samt kritikk frå Ola Borten Moe i Nationen.</li> <li>• Ola Borten Moe har via Arnt Ove til Tor Olav Brandtzæg bedt om møte, men dato ikkje sett.</li> <li>• Uheldig oppslag og vinkling i Nationen.</li> <li>• Foredlingsbedrifta Gamle Trondheim slaktehus ynskjer slakt med meir feitt til sin produksjon, klarer vi det? Ligg ein meirverdi her, kan også Nortura gjere tilsvarande?</li> <li>• Svar: Har spesialisert seg på dry age, tørrhengt biff. Vi leverer ein gitt % andel av slakta, ikkje utplukk av spesiell kvalitet. Ser på dette no. Kamp om kvalitetane.</li> <li>• Fortsatt like mykje fokus på småfe i styret? Leveringsdyktige på pinnekjøt?</li> <li>• Svar: Fortsatt fokus, ikkje fått anna beskjed enn at vi er leveringsdyktige.</li> <li>• Grønt skifte og miljø: God plan for mottiltak vedk drøvtyggjarar?</li> <li>• Svar: Diskuterast, Bondelaget i førarsetet med klimatiltak på eigen gard. Viktig å få fram sakleg info om raudt kjøt.</li> <li>• Det forventa overskotet, skuldast det redusert lager eller auka sal?</li> <li>• Svar: Kontinuerleg forbetring, med reduserte kostnader er viktigaste årsak.</li> <li>• Strategi i fht Lanbruksmeldinga vart det diskutert?</li> <li>• Svar: Tema på dag 2, der Trine ikkje var med. Jobbar godt mot Bondelaget, med eiga gruppe for einheitleg bodskap.</li> </ul>	

## Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

- 
- 2 **Evaluering av Regionutvalsmøtet 01. – 02.11**  
Oppsummering av evalueringsskjema var utsendt. Traff godt på tema. Parkering utfordring, men må sterke oppmode til samkøyring. Gruppearbeid med dyreslag og kretsarbeid, som er nærmere tema for kvardagen, er positivt.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

- 
- 3 **Oppnemning av pilotområde for Ny Giv i kretsarbeidet**  
Oppsummering av gruppearbeidet var utsendt. Forslag fra Brit Kari om kretsane 38 Verdal, 39 Frosta og 40 Levanger som eit pilotområde, og kretsane 47 Roan/Åfjord, 48 Bjugn/Ørland og 49 Fosen sør som det andre pilotområdet.

Innspel/kommentarar:

- Viktig at AU-medlemane også fylgjer opp ansvarskretsane i pilotprosjektet, med drahjelp frå Brit Kari. Få til samarbeid og aktivitetar på tvers av kretsgrensene.
- Brit Kari sender kopi til heile AU av mail til pilotområda.

Brit Kari

**Vedtak: AU oppnemner kretsane 38 Verdal, 39 Frosta og 40 Levanger som eit pilotområde, og kretsane 47 Roan/Åfjord, 48 Bjugn/Ørland og 49 Fosen sør som det andre pilotområdet**

- 
- 4 **Orientering frå Råvare og Medlem region Midt**  
Roy orienterte om slakterekord ved Steinkjer, ca 100 grisar meir pr dag. Tilførslar av storfe på 102,7 pr nov, konkurrentane litt lågare. Småfe: indeks 108,4, konkurrentane litt høgare. Røros slakteri auka tilførslar, vi har misst nokre produsentar. Storfe: Vi har fått nokre overgangar til oss. Gris: Indeks på 108.

Marknadsandelar vekst på storfe og gris, tilbakegang på småfe.

Jan Sandsør no fast ansatt 50 % storferådgjevar, ny 50 % rådgjevar på kylling fast ansatt. I ferd med å ansette ny veteranær på gris. Råvare og Medlem skal flytte lokalitet frå Nortura Malvik til e-verksbygget på høgre side før anlegget. Betre tilgjengelelighet. Flytting i vårhalvåret.

Framtidig medlemsenterdrift: Vore jobba med ei stund, standardisering av rutiner. Alternativ 7 senter som i dag, 3-4 eller 1 felles for heile landet. Valgt 1 felles for heile landet pga økonomi og profesjonalisering av tenester, skal handtere telefoni og register. Inga endring før NOVA er iverksett. Leiar for kundesenter skal tilsettast, lagt til Rudshøgda. Register fortsatt på Malvik, evt nytelsetjingar på Rudshøgda.

Budsjett og handlingsplan: Inntransport med god utnytting av materiell, m.a. større bilar. Info på kretsmøterunden.

Spørsmål/kommentarar:

- Må finne ut kva som er årsak til redusert marknadsandel på småfe.
- Vart lokalisering av medlemsenter drøfta nøyne? Og er endeleg?
- Svar: Rudshøgda, Malvik og Forus var alternativa. Ingen konsekvensar anna enn eitt tlf nr. Vert lokalisert rundt omkring.
- Er vel som i Felleskjøpet dette?
- I Midt-Norge har effektivisert mykje, kunne fått litt att for det.
- Rådgjeving og livdyr vert ikkje endra?
- Nei, rådgjeving, livdyr og transportplanlegging vert fortsatt lokalt
- Naturbruksskulane i Trøndelag har inngått avtale om utplasseringsordning med TINE og FK. Nortura var med på ei orientering, men viser seg at vi ikkje kan ta imot elevar. Kvifor?
- Svar: Skal gå ein ny runde no for evt litt deltaking. Går på kapasitet på rådgjeving, særleg på storfe.
- Ynskjer organisasjonskart over ressursane i Midt-Norge, inkl ytre sal og drift.

Roy

- Livdrysituasjonen for fôringsdyr? Fått spm om regulering av marknaden, med prosentvis reduksjon av bestilling?
- Svar: Underskot, aukande framover, kontinuerleg underskot i Midt- og Nord-Norge. Noko skyving mellom Trøndelagsfylka. Klarer ikkje prosentvis reduksjon pga transportkostnader.
- Corona og BRSV: TINE-bondene er godt ivaretatt med info, men er reine kjøtprodusentar det også?
- Svar: Fokus framover med Kolbjørn Nybø og Sigrunn Hestenes, m.a. på sjåførermøte nyleg.
- Info dyrebilsjåførar: Alle har nok ikkje tatt inn over seg at dei ikkje skal gå inn i fjøs.
- Svar: Viktig å få beskjed om slike tilfelle, slik at det kan takast opp med transportselskap. Nokre plassar ikkje lagt opp til at sjåfør kan unngå å gå inn i fjøs. TINE skal iverksetje kampanje på utlastingsforhold.
- Må vere enkle tiltak for å betre utlastingsforholda, utan stor kostnad.
- Spurte livdrysjåfør i dag, ulik innstilling hos produsent. Er differensiert stoppavgift vurdert?
- Viktig å fokusere på målsetjinga og god informasjon, og unngå at nokon går til konkurrent
- Gjerne ha bilete som illustrasjon i info om storbilhenting.
- Vaskehall Steinkjer?
- Svar: Testing av reinhald på kalde dagar både på Steinkjer og Malvik, ikkje stor skilnad. Fallulykker pga ising, HMS viktig punkt og vert tatt tak i.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**5 Møteplan 2017**

Forslag var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Veldig beklageleg med kollisjon mellom RU-møtet og fellesårsmøtet til sør- og Nord-Trøndelag Bondelag. Viktig å få til deltaking på Levande Landbruk.
- Må unngå møtekollisjonen.
- Kan RU-møtet framskundast til torsdag 9. mars? Brit Kari sjekkar.

Brit Kari

**Vedtak: AU vedtek møteplan 2017, med dei endringane som er notert.**

---

**6 Eventuelt**

Landbruksmeldinga:

- Har Nortura ein strategi for korleis dette skal handterast?
- Svar: Oppretta gruppe som bindeledd mellom Nortura og Bondelaget. Mest utfordra på egg, korn og svin. Må ikkje gje oss for tidleg, ingen nye moment i meldinga. Mogeleg målpris på svin ikkje er problematisk, men er også viktig kalibrering. Bruke kontaktnett og informere om verknader, god samordning innad i næringa.
- Dobbel mottaksplikt?
- Svar: Uklart kva konsekvensar det får
- To vegar: Nortura må posisjonere seg, dersom marknadsregulering på egg vert avvikla. Redd prioriteringsrekkefølga til Bondelaget, med egg ned på lista. Må påverke Bondelaget til å sjå samla på alt. I forhold til Venstre må forslaget sjå ut som eit tilbakesteg for det grøne skiftet.
- Livredd prioritieringsliste, der noko vert ofra for å få med litt.
- Olav Håkon vil prate med Pål Farstad i Venstre. Skulle det vore snakka med nokon i Ap?
- Svar: Må bruke dei kontaktane vi har. Opplæring viktig. Redd prioriteringar.
- Kontakt med regionale bondelag?
- Svar: Kan vere greitt før representantskapsmøte i Bondelaget i januar.
- Fryktar sentralisering på gris med å ta bort målprisen.
- Konklusjon: God dialog med direkte kontakt på tlf eller møte er viktig med

AU

fylkesbondelaga og politikarar.

Konsesjon smågris:

- Drøfta i separat møte i RU-møtet. Diskutert mykje i Norsvin. Dersom nokon torer å ta tak, er det bra for betre regulering.
- Er meir Norsvin-sak enn Nortura-sak.
- Nortura som marknadsregulator kan ta det opp. Er langsiktig arbeid, med påverknad innad i Nortura og Norsvin.
- Konklusjon: Rigmor legg det inn som sak til fagutval gris 2. januar, samt i Norsvin Trøndelag. Gjev AU tilbakemelding.

Rigmor

Innspel frå Frosta:

Ragnar V har fått innspel frå kretsleiar Tore Moksnes på Frosta om betre dialog med kjedene for å redusere dyreslag og stykningsdelar som vi har på lager.

- God dialog, særleg med Norgesgruppen og Rema, men kunne vore synleggjort for medlemane kanskje. Kjedeutviklingskonsept på heile dyret. Fokus både i AU og heile konsernet. Brit Kari og Ragnar V gjev tilbakemelding.

Brit Kari/  
Ragnar V

Profilering av dyrebilar:

Kvífor liten Nortura-logo?

Svar: Omprofilering berre på nye bilar. Utfordring med lufteluker, o.l., vert følgt opp.

Spørsmål om eggsituasjonen og evt strategi for innreiingsløysingar:

- Svar: Nedsett arbeidsgruppe som skal levere noko på nyåret.